

## Møtereferat

Dato: 03.06.2014

Til stades:	Harald Norheim Ingeborg Borgen Takle		
Forfall:			
Emne:	Referat fra arbeidsutvalsmøte RMNF - 280514	Sak:	2014/558-51
Møtetid:	10:30-13:40	Møtestad:	Fylkesutvalssalen

**Møteleiar: Harald Norheim**

**Referent: Ingeborg Borgen Takle**

### **Sak 16/14 Flytting av rådsmøtet i juni**

Rådsmøtet 11. juni er samtidig som fylkestinget, kor politikarane i rådet vil vere opptekne.

#### **AVGJERD**

Administrasjonen sendar ein førespurnad til rådet om å flytte møtet til tysdag 10. juni.

### **Sak 17/14 Regional plan for attraktive senter – høyring**

Fylkesutvalet vedtok 20.05.14 at Regional plan for attraktive senter skal sendast ut til høyring 02.06.14, med frist til 22.08.14. Det einaste møtet rådet har i denne perioden er møtet i juni.

Rådet har delteke på alle temadagane i samband med denne planen og har kome med innspel på ulike tidspunkt, men det er naturleg at rådet kjem med ein samla uttale innan fristen.

#### **AVGJERD**

Administrasjonen sendar ut planen til alle medlemar i papirformat og medlemene vert bedt om å førebu innspel til ein uttale til møtet i juni. Uttala vert skriven i møtet.

Regional plan for attraktive senter – høyring vert satt som sak på neste rådsmøte.

### **Sak 18/14 Regional kulturplan – høyring**

Den regionale kulturplanen vil kome på høyring før sommaren med frist i september. Rådet har eit møte i september før fristen.

#### **AVGJERD**

Regional kulturplan – høyring vert satt som sak på rådsmøtet i september. Planen vert sendt ut til alle medlemene i papir.

### **Sak 19/14 Uttale til nye Voss vidaregåande skule**

Rådet fekk ein orientering frå Egedomsseksjonen om nye Voss vidaregåande skule og skrev ein uttale i ettertid. Konklusjonen i uttala var slik:

*«Som ein konklusjon støttar rådet dei planane som ligg føre for nye Voss vidaregåande skule, men understrekar at det er viktig at dei andre funksjonsnedsettingane får fokus i arbeidet framover. Rådet ser fram i mot å høyre meir om desse planane og kome med uttale til dei.*

*Sosial inkludering er ein faktor som rådet håpar det er mogleg å leggje meir fokus på framover, nå når administrasjonen har så høg kompetanse på dei funksjonelle aspektane. Med bakgrunn i det ber rådet om at «amfiet» i kantina vert revurdert, eller alternative løysingar vert satt på plass. Prinsippa rundt toalett på nye Voss vidaregåande skule er noko rådet meiner ein bør ta med seg vidare i framtidige prosjekt.*

*Alt i alt meiner rådet at nye Voss vidaregåande skule er eit veldig positivt prosjekt som rådet ser fram imot å vere med å utvikle til beste mogleg skule.»*

Uttala vart lagt ved saksutgreiinga når saka kom opp i fylkesutvalet 20.05.14, men i saksutgreiinga vart berre følgjande nemnt frå rådet:

*«I tillegg har Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne handsama forprosjektet i møte 30.04.14 der eigedomssjefen var til stades. Det ble gitt ei orientering og gjennomgang av landskapsplan og etasjeplaner av eigedomssjefen der Rådet fikk stille spørsmål og kome med synspunkt på løysingar. Rådet uttaler at dei meiner Nye Voss vgs er eit veldig positivt prosjekt som rådet ser fram imot å vere med å utvikle til beste mogleg skule.*

*./. Sjå også vedlegg med uttale frå møte Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne»*

Arbeidsutvalet meiner at denne framstillinga ikkje reflekterer uttala frå rådet, og at dei punkta som vart pekt på frå rådet ikkje vart nemnt.

## **AVGJERD**

Arbeidsutvalet ber politikarane i rådet om å teke opp denne saka på fylkestinget 11. og 12. juni, med fokus på at dersom rådet skal bruke tid på å skrive uttalar bør desse verte teken med i saksutgreiingar med dei detaljar som vert påpekt.

Uttala til nye Voss vidaregåande skule vert lagt fram som referatsak i neste rådsmøte.

## **Sak 20/14      Evaluering av temadag 2014 – «Grenselaus kultur?»**

Temadagen 2014 vart gjennomført på Hotel Norge den 3. april og hadde rundt 60 deltagarar. Halvparten kom frå kommunale råd og resten kom frå kulturkontor, organisasjonar eller kulturinstitusjonar, til dømes Carte Blanche.

Rådet hadde budsjettet 117 000 kr til arrangementet, men rekneskapet visar at berre 80 000 kr er brukt.

Tilbakemelding frå deltagarane var at det var eit bra arrangement, men at ein sakna moglegheit til å stille spørsmål til innleiarane. Deltagarane frå kulturlivet sakna meir spissa innlegg.

Av deltakinga er det tydeleg at kulturlivet saknar informasjon om kultur for menneske med nedsett funksjonsevne. Kulturavdelinga ved fylkeskommunen, som og deltok på temadagen, kom med forslag om ein rundebordekonferanse med kulturinstitusjonar i fylket der ein kan diskutere kva trong er der og kva kan kulturinstitusjonane gjere.

Frå rådet møtte Harald Norheim og Jostein Ljones.

## **AVGJERD**

Evaluering av temadag 2014 – «Grenselaus kultur?» vert satt opp som sak på neste møte. Programmet vert lagt ved saka.

### **Sak 21/14      Møte med kulturavdelinga**

Arbeidsutvalet inviterte kulturavdelinga til AU-møtet 28.05.14 for å prate vidare om utfallet frå temadagen. Utviklingssjef Ronny Skaar og seniorrådgjevar Tone Stedal Haugland, frå Kunst- og kulturformidlingsseksjonen kom på møtet. Deira tilbakemeldingar var at dei større kulturinstitusjonane ønskjer å legge til rette for målgruppa, men saknar informasjon og kunnskap. Dei ønskja eit meir spissa program om kva som er mogleg å gjere for tilskodarar, men meinte temadagen var interessant og lærerik.

Kulturavdelinga tok initiativ til to rundeboards-diskusjonar, ein med eit tilskodarperspektiv som i hovudsak gjeld dei store kulturinstitusjonane, og ein med eit deltakarperspektiv som siktar inn mot organisasjonane. Kulturavdelinga vil invitere kulturlivet til diskusjonane og rådet vil stille med kunnskap om trøng frå målgruppa. Det er ønskeleg med noko fagleg påfyll og rådet vart utfordra på å finne ein person som har jobba med å sjå på trøng for menneske med nedsett funksjonsevne og korleis ein best kan legge til rette. Administrasjonen vil sette seg saman og sjå på moglegheita for slike arrangement til hausten.

Kulturavdelinga såg og på moglegheita til å drive med ein form for kartlegging og kanskje samle informasjon på ein heimeside slik at det vert lett å sjå kva tilbod som eksisterer.

Når det gjeld kulturygg og universell utforming vert det forklart at fylkeskommunen berre har eigarandalar i to kulturinstitusjonar; Hordaland Teater og Grieghallen. Når det er sagt kan fylkeskommunen kome med sterke ønskjer til alle kulturinstitusjonar i Hordaland, i tillegg til dei som søker om midlar frå fylkeskommunen. Kulturavdelinga skal sende over tildelingsbreva til rådet og ber om å få tilbakemelding dersom det er noko der som bør vere formulert annleis eller lagt til. På same måte kan rådet kome med innspel om det er noko områder at fylkeskommunen bør formulere eit sterke ønske til kulturlivet på særskilte prinsipp.

Det var eit særslig produktivt, hyggeleg og positivt møte, som bekreftar eit godt samarbeid mellom rådet og kulturavdelinga.

### **AVGJERD**

Arbeidsutvalet informerer rådet om møtet på neste rådsmøte og vil følgje opp:

- Rundeboards-diskusjonane
- Kartlegging av tilbod som er tilgjengeleg
- Tildelingsbreva

Tildelingsbreva vert lagt som ein sak på rådsmøtet.

### **Sak 22/14      Spørjeskjema for Folkehelseundersøking i fylka**

Arbeidsutvalet fekk ein førespurnad frå Else-Marie Brobakke Aarø frå Regionalavdelinga om å kome med innspel til ein spørjeundersøking som skal brukast i telefonintervju i fylka for å stadfeste folkehelse.

Arbeidsutvalet kom med nokre punkt:

- Spørjeundersøkinga vart veldig fokusert på rørslehemma. Dersom ein skal fange opp spekteret av funksjonsnedsettingar er det viktig at ein utvidar spørsmåla.
- På formuleringar som «Har du en varig sykdom eller lidelse, noen medfødt sykdom eller sykdom som følge av skade?» gav ein innspel på at dersom spørjeundersøkinga ønskjer å sjå på funksjonsnedsettingar må det spesifiserast. Det er veldig mange funksjonsnedsettingar som ikkje er basert på ein sjukdom eller liding.
- På formuleringar som «Har du på grunn av funksjonsnedsettelse eller manglende tilrettelegging problemer med å bevege deg rundt i bolig eller nærmiljø, problemer med tilgang til offentlig informasjon, servicetilbud eller lignende?» gav arbeidsutvalet innspel på at ein bør stryke funksjonsnedsettelse, da det er den manglende tilrettelegginga som er problemet.
- Til sist poengterte arbeidsutvalet at deltakarperspektivet må vere meir poengtert.

Innspela frå rådet vart teke godt i mot og samstemde mykje med det som allereie var notert.

#### **Sak 23/14      Brukargruppe til Skyss i anledning billettautomatane til Skyss**

Skyss sendte ein førespurnad 19. mai om hjelp til å sette saman ein brukargruppe i samband med billettautomatane til Skyss og synshemma. Fortrinnsvis bør dette vere kollektivreisande, gjerne også billettautomatbrukarar, 4-5 personar. Totalt bør det halde med 4 møter.

#### **AVGJERD**

Arbeidsutvalet vil gje plass til Kjersti Edvardsdal og Inge Fiskvik frå rådet, og vil sende ein førespurnad til FFO om å fylle opp med 2-3 personar.

Arbeidsutvalet ber om at Kjersti og Inge held rådet informert om kva som skjer i brukargruppa.

#### **Sak 24/14      Årsmelding 2013**

Rådets årsmelding for 2013 skulle vore lagt fram for fylkestinget i juni, men vart ikkje ferdig til den tid.

#### **AVGJERD**

Utkast til årsmelding 2013 vert lagt som referatsak til neste rådmøte. Arbeidsutvalet ber om at rådsmedlemane kjem med innspel til årsmeldinga i møtet.

#### **Sak 25/14      Sakar til neste møte**

*Orienteringar i prioritert rekkefølge:*

- Rehabilitering av Grieghallen
- Ramar for budsjett 2015: Med fokus på universell utforming, særskilt i langtidsbudsjettet
- Samferdsel: Brukarerfaringar på bybanen, samt sikkerheit og drift i kollektivtrafikken
- Opplæringsavdelinga: Fråfall i vidaregåande skule

*Politiske sakar:*

- Evaluering temadag 2014 – «Grenselaus kultur?»

*Referatsakar:*

- Uttale til nye Voss vidaregåande skule
- Utkast til årsmelding 2013
- Større sakar til politisk handsaming 2014
- Oversikt økonomi
- Oversikt kurs og konferansar
- Rutine sekretariat

#### **AVGJERD**

Følgjande sakar vert satt opp i rådmøtet i juni:

*Orienteringar i prioritert rekkefølge:*

- Rehabilitering av Grieghallen
- Ramar for budsjett 2015: Med fokus på universell utforming, særskilt i langtidsbudsjettet
- Samferdsel: Brukarerfaringar på bybanen, samt sikkerheit og drift i kollektivtrafikken
- Opplæringsavdelinga: Fråfall i vidaregåande skule

*Politiske sakar:*

- Evaluering temadag 2014 – «Grenselaus kultur?»
- Regional plan for attraktive senter – høyring
- Brukargruppe til Skyss i anledning billettautomatane til Skyss

*Referatsakar:*

- Uttale til nye Voss vidaregåande skule
- Utkast til årsmelding 2013
- Større sakar til politisk handsaming 2014
- Oversikt økonomi
- Oversikt kurs og konferansar
- Rutine sekretariat
- TT-ordning
- Fråfall bland elevar med særskild trøng